



Til elevar og føresette på Bokn skule.

Bokn 8.12.2020

### **Informasjon om skulebygg, uteområde og skuleveg i perioden ny skulen blir bygd.**

Den eldste delen av Bokn skule som i dag blir nytta til undervisning for barnetrinna, SFO, spesialrom og skuleadministrasjon skal våren 2021 rivast og erstattast av eit nytt skulebygg. Den delen som i dag blir nytta av ungdomsskuletrinna blir ståande. Den nye skuledelen skal etter planen stå ferdig til innflytting i løpet av 3. kvartal 2022.

Elevane vil i løpet av januar månad 2021 få endra sine undervisningslokaler til midlertidige lokaler som dei då skal være i fram til ny skule står klar hausten 2022. Eksakt dato for flyttinga blir sendt ut tidleg i januar 2021.

I byggeperioden vil skulekvardagen ikkje bli heilt optimal med tanke på både undervisningslokale og uteområde for elevar og tilsette, men skulen trur likevel at ein no har fått til tilfredsstillande løysingar som kan fungere i denne perioden. Skulen er opptekne av at elevane skal ha ein trygg tilkomst til skulen og til uteområde i denne perioden, og har difor laga ein plan for dette.

### **Fordeling i bygg**

I byggeperioden blir elevane på Bokn skule fordelt på fylgjande to lokasjonar/ bygg

- Skulebygg 1: "Ungdomsskule-delen" på eksisterande skule
- Skulebygg 2: Midlertidige lokalar (modull-bygg) plassert på Bokn kommune sin eigedom, nærare bestemt nordvest for Boknatun.

Elevane frå 1.-6.trinn skal nytte bygg 1, medan 7.-10.trinn skal nytte bygg 2 som undervisningslokalet i byggeperioden. SFO blir og i bygg 1 sine lokalar.



### **Uteområdet i byggeperioden.**

Elevane vil få tilgang på fylgjande uteområde i byggeperioden:

#### 1.- 6.trinn med til saman 49 elevar:

- Leikeplass og ute/skogsområde aust for bygg 1 og nåverande skule skal nyttast. Den blir i dag og nytta av desse elevane. Entreprenør sørge for å sette opp byggegjerde, slik at elevane kan gå trygt ut til dette området direkte frå skulebygget ved å nytte utgangen som vender mot aust (i inngangspartiet dei nyttar når dei går inn til bygg 1).
- Ballbinge søraust for skulen. Tilgangen til denne vil og bli gjennom leikeområde aust for skulen via ein gangveg langs eksisterande veg. Entreprenør sørge for å sette opp byggegjerde slik at elevane kan gå trygt ut til dette området. Sjå avmerking på vedlagt kartskisse.
- Stor grasbane/fotballbane. Tilgangen til denne vil og bli gjennom leikeområde aust for skulen. Sjå avmerking på vedlagt kartskisse.

#### 7.-10.trinn med til saman 41 (skuleåret 2020/2021) og 45 elevar (skuleåret 2021/2022).

- Uteområdet utanfor bygg 2. Det vil bli sett opp bord/benker, og montert opp ei basketballkorg på veggen.
- Ballbinge søraust for skulen. Tilgangen til denne vil bli gjennom leikeområde aust for bygg 1 via ein gangveg langs eksisterande veg. Entreprenør sørge for å sette opp byggegjerde slik at elevane kan gå trygt ut til dette området. Sjå avmerking på vedlagt kartskisse.
- Stor grasbane/fotballbane. Tilgangen til denne vil og bli gjennom leikeområde aust for skulen. Sjå avmerking på vedlagt kartskisse.

### **Til og frå skulen**

Elevar som tek bussen til skulen:

- Bussen stoppar nedanfor barnehagen slik den gjer i dag. Elevane nyttar gangvegane som er merka av på kartskissa til sine skulebygg.

Elevar som går og sykklar til skulen:

- Elevane nyttar gangvegane som er merka av på kartskissa til og frå sine skulebygg. Me ber om at Boknatunvegen på vestsida av fotballbanen ikkje blir nytta då denne vegen blir nytta til transport til byggeplassen med tyngre køyretøy.



Elevar som blir køyrd til skulen:

- Me vil oppfordre om at elevane blir sloppe av på avmerkete droppsonar og at dei deretter går på avmerkt gangveg til sine skulebygg.
  - Droppsone 1: Parkeringsplassen på Bokn Arena
  - Droppsone 2: Avmerkt sidefelt i rundkøyringa mellom omsorgsbustader og Bokn barnehage.

**Merk:** Det vil i byggeperioden vere innkøyring forbode i Bokantunvegen frå krysset med omsorgsbustadene og inn til skulebygg 2 innerst i Boknatunvegen.

Skulen oppmodar alle elevar og føresette om å gjere seg godt kjende med kartskissa, gangvegar, droppsonar og uteområder slik at me får ein trygg og sikker skuleveg og skulekvardag i byggeperioden.

Kommunen tek forbehold om at endringar kan komme, og det vil då bli sendt ut ny melding om eventuelle endringar.

Ingrid Sofie Rundhaug  
Kommunalsjef oppvekst og kultur



**BOKN KOMMUNE**  
Oppvekst og kultur



**Boknatunvegen 37**

Dato: 08.12.2020

Målestokk: 1:2000

Koordinatsystem: UTM 32N

